



# VOLDA KOMMUNE

## Barnehageavdelinga

Kunnskapsdepartementet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/1145	4455/2012	X00	BHG/ BB	04.05.2012

### SVAR PÅ HØYRING - NOU 2012:1 TIL BARNAS BESTE – NY LOVGJEVING OM BARNEHAGANE HØYRINGSUTTALELSE FRÅ STYRARGRUPPA I BARNEHAGANE I VOLDA KOMMUNE

Styrargruppa i Volda kommune meiner at det nye lovforslaget er grundig gjennomarbeida. Vi ser at mykje av det som tidlegare var i forskrifter og retningsliner er no kome inn i barnehagelova. Dette vil medverke til at barna får eit enda betre barnehagetilbod.

#### **Kommentarar til kapittel 1 §§ 1-4**

Styrargruppa er samd med Øie-utvalet som konkluderer med at tilsyn om natta ikkje vert rekna som eit barnehagetilbod.

#### **Kommentarar til kapittel 2 §§ 5 - 10**

Styrargruppa er positive til at barn og foreldre sine rettar vert styrka gjennom

- ♦ omsyn til barnets beste vert lovfesta, og skal sikre og fremje barna si helse, utvikling, tryggleik og omsorg
- ♦ barna vert gjevne rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø
- ♦ barna vert gjevne rett til å høyre til i ei barnegruppe
- ♦ varslingsplikt til foreldra ved ”graverande”høve.

#### **Kommentarar til kapittel 5 §§ 17 – 27**

Styrargruppa ynskjer eit tydelegare krav om at det **skal** vere barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå. ”Å ha tilgang til” er for lite presist. Det å ha barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå meiner vi er med å sikre god kvalitet på arbeidet i barnehagen. Vi er også positiv til ei lovfesting av krav om å utarbeide rutinar for tverrfagleg samarbeid til det beste for barna.

#### **Kommentarar til kapittel 7 §§ 31 - 35**

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon: 70058701

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946  
Bankgiro: 3991.07.81727

Styrargruppa støttar forslaga om å lovfeste både grunnbemanning og pedagogisk bemanning. Barnehagen skal vere ein plass der barn får møte kompetent personale som legg til rette for leikande og forskande barn. Desse forslaga som ligg føre vil vere med på å auke kvaliteten i barnehagen. Ein føresetnad for at barnehagen er ein god plass å vere for både barn og vaksne er at det er nok personale gjennom heile opningstida til barnehagen. Vi ser at det må innførast tiltak for å auke rekrutteringa til barnehagelæreryrket, og eit viktig tiltak vil vere å betre løns- og arbeidsvilkåra til dei som arbeider i barnehagen.

Styrargruppa er nøgd med at lovforslaget legg vekt på at kvar barnehage skal ha ein styrar. Vi meiner at dette er med å sikre kvaliteten i barnehagen til både barn, foreldre, tilsette og kommunen. Styrargruppa i Volda støttar forslaget der ein foreslår å ta bort varige dispensasjonar.

Når det gjeld lovforslaget om barnehagen sitt areal står det i lovforslaget at barnehagen har plikt til å ha eit trygt og pedagogisk forsvarleg areal inne og ute. Styrargruppa meiner at dette er for vagt og at det i lovforslaget må kome tydeleg fram kva storleiken på leike- og opphaldsarealet skal vere i barnehagen.

#### **Kommentarar til kapittel 9 §§ 40 – 50**

Styrargruppa ser det som naturleg at Opplæringslova sin paragraf 5-7 vert overført til Barnehagelova. Vi ser det som positivt at vedtak om spesialpedagogisk hjelp fylgjer barnet frå ei kommune til ei anna.

#### **Heil til slutt eit stor hjartesukk frå ”grasrota” ute i kommune Noreg:**

Styrargruppa i Volda er generelt positive til utgreiinga, og at fokuset er å sikre ein god barnehage med høg kvalitet. Det som uroar oss er den dårlege økonomiske situasjonen ute i kommunane. Skal ein klare å gjennomføre desse lovforslaga er det nødvendig å styrke kommunane sine økonomiske rammer betydeleg.

Med helsing

Styrargruppa i Volda kommune

Lauvstad barnehage v/ Marianne Mork

Sollia barnehage v/ Hildegunn Wiik

Engeset barnehage v/ Inger Anne Holm

Folkestad barnehage v/ Synne Buer

Heltnebøen barnehage v/ Fahimeh Hafezi

Rotset barnehage v/ Signe MoldskredBjørkedal barnehage v/ Hilde Beinnes

Trollsletta barnehage v/ Rune Humberset

Hjellbakkane barnehage v/Mads Sørlie

Barnehagekonsulent Bodil Brautaset

Mork barnehage v/Nina V. Telseth

Austefjord barnehage v/ Christel Olsen

Oppigarden barnehage v/ Dagny R. Wangen

Bratteberg barnehage v/ Solbjørg Berge

Øyra barnehage v/ Anne-Grete Eiken

Røysmarka studentbhg. v/Sigrid Aasen Lødemel

Barnehagesjef Reidun Klepp Nilsen

